

Beste marknadsføring

Marknadsføring av RAW media UB

Vi har marknadsført oss gjennom fleire kanalar. Det første vi begynte med, var å utvikle og promotere ei Facebook-side. Dette gjorde vi for å nå ut til mange på kort tid. Facebook har vist seg å vore eit ekstremt godt verkty for marknadsføring, og dette vil vi ta oss nytte av. Vi oppdaterte sida med bilete av diverse oppdrag vi var på, og informerte om bla. eit livestream-opppdrag vi hadde for Førde kommune. Dette nådde mange følgjarar, og trakk mange mot sida. Vi lagde også videoar for å informere om og reklamere for ein fotostand vi hadde.

For å nå vår målgruppe som har vore nyetablerte bedrifter, har vi vore aktive på sosiale media, og skaffa oss mange nyttige kontaktar.


Tidleg ute

Allereie før vi hadde registrert oss som bedrift i Brønnøysundregisteret, hadde vi eit hav av kundar ventande på oss. Grunna vår gode marknadsføring og omdømme frå tidlegare år, kom vi i gong med oppdrag svært kjapt.

Jazz på Jølst er eit musikkarrangement som har gått over fleire år. Med dette er det svært mange som ser plakatar og flyers dei del ut. Vi hadde fullt ansvar for marknadsføringa av prosjektet dette året, og fekk med dette vårt namn ut til svært mange.

Visittkort

Visittkortet er noko mange anser som ein utdatert metode, men vi meiner det motsette. Ved å ha kontaktinformasjon fysisk i hand, meiner vi det er lettare å ta kontakt. Difor delte vi ut visittkort på diverse arrangement, når vi var på oppdrag, og til potensielle kundar.



Hafstad VGS

6800 Førde
rawmediaubx@gmail.com

Grafisk produksjon
Foto
Profilerings
Web
Design
Film

Takkekort


Takkekortet er ei lita helsing vi utvikla. Det blir nesten som ei utviding av visittkort-metoden. Når vi har fakturert ein kunde, sender vi eit takkekort samstundes. Dette er for å vise vår takknemlegheit for at dei valte oss, og for å spreie namnet gjennom eit positivt resumé.

Brosjyre

Brosjyren er utvikla som eit utvida visittkort. Vi har inkludert kontaktinformasjon, relevant stoff, og døme på tenester vi tilbyr. Den er designa i lik stil som resten av marknadsføringsstoffet til bedrifta, og skal fortelje om våre verdier, styrker og tilbod.

Grafisk profil

Vi har produsert ein god grafisk profil, med grafiske element, fontar, verdier som skal ivareta kast, fargar og logoar som er delt med samtlege i bedrifta. Med dette kunne vi enkelt ha eit klart og



**Tusen takk for samarbeidet, håpar tenesten
har vore til nytte for dykk.
Ta gjerne kontakt ved eit seinare høve!**

tydeleg seriepreg på alle produkt, og slapp mykje stress seinare i perioden.

Foto & Film
Informasjonsarbeid
Grafisk produksjon
Design
Profilerings
Web

Vi er ei bedrift med 12 tilsette
RAW Media UB leverer grafiske produkt som design til digitale og tradisjonelle medium, produkt til reklamebruk, brosjyrer, hefter og plakater av alle typer.
web design, foto, film og journalistiske tekstar.

Vi vil tilby kreative og nyskapande produkt, og vil hjelpe enkeltpersonar og bedrifter i næringslivet med alt i frå profileringsmaterieil, journalistiske tekstar, foto og film.
Vi tilbyr kvalitetsprodukt til ein konkurransedyktig pris.

Hafstad VGS
6800 Førde
rawmediaubx@gmail.com

Reklamefilm

Vår reklamefilm skal appellere til ungdom. Den er bygd opp etter ein humoristisk modell, og har som mål å være sjølvreklamerande. Ved å både vise våre tekniske ferdigheiter og legge inn humor, vil vi ha folk til å dele videoen med vener via diverse sosiale media. Dette har tidlegare vist seg å være svært effektivt.

Mediekontakt

Vi har hatt direkte kontakt med lokalmedia fleire gongar. Dette har vi gjort gjennom pressemeldingar og personlege kontaktar. Tre representantar frå bedrifta var med å produserte eit ungdomsmagasin for lokalavisa Firda. Dei samarbeida med Firda sine eigne journalistar og fotografar i heile to veker, og produserte videoar og tekstar for både nett- og papiravis.



Reklamering andlet til andlet

Under Fylkesmessa 4. mars i år, skaffa RAW ein god del nye kundar. Gjennom å snakke direkte med aktuelle kundar, fekk vi informert og påpeikt det faktum at RAW sit på kompetanse nok til å ta på seg større livestream-opppdrag. Ved oral presentasjon og entusiasme, skaffa vi oss opptil fleire nye kontaktar, og fleire godt betalte og avanserte oppdrag.

Nettverksbygging

Gjennom våre gode marknadsføring har vi fått mange høgtstående kontaktar. Vi held blant anna på med eit prosjekt for Sogn og Fjordane fylkeskommune, nemleg eit filmoppdrag med eit svært stort budsjett. Dette vil sende vår bedrift til Frankrike og Danmark, og vil skape tette band med elevar ved andre vidaregåande skular. Dette vil hjelpe seinare bedrifter, ettersom gode kontaktar alltid er godt å ha.



Legg bøkene vekk for å nå måla

To år på skule med andre elevar. Når tredje skuleår startar, er ikkje elevane frå yrkesfag lenger å sjå i gangane eller kantina

Måline Indrebo-Langlo
E:5052

Her er ei av dei mange sakane RAW var med på å produsere



Sogn og Fjordane

Reiser utanlands for å lage reklamefilm

FØRDE (NRK): Ungdomsbedrifta frå Hafstad vidaregåande skule skal ut i verda for å filme lærlingar. Filmen skal lokke fleire til å ta lærlingtida i europeiske land.



SCOTT / GÖRNC: Marthe Høeggen-Lundkvist og Erik Johansen i Sogn. RAW made har 300 vore i Sogefar for å filme skulelærarar. Foto: Sogn og Fjordane. FOTO: SPENNE WITTMANN/RENT

NRK har også laga oppslag som blei god PR for bedrifta

Synlege

RAW har i den seinare tid gjort eit ekstremt stort reklameprosjekt for Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Desse produkta vil bli brukte i årsvis framover, og dette vil styrke RAW mykje i framtida. Det faktum at RAW tek på seg eit slikt stort prosjekt, viser at vi er ambisiøse og klare for store prosjekt der ein ikkje får to kjangsar.